



Båttagleiar Rolf Myklebust er tåleleg fornøgd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innslaget av gjestebåtar i Uskedal Båtlags hamn har til no - ved utgangen av juli - vore omtrent som i fjor til same tid, opplyser leiar i båtlaget Rolf Myklebust til uskedalen.no. Dermed blir konklusjonen hans at båtsesongen til no har vore tåleleg bra.

Ein viss svikt har det vore samanlikna med juli ifjor, då 700 båtar var innom. Julitalet for i år er 516, men svikten blir kompensert ved at det var 200 fleire innom i 1. halvår. Dermed blir det status quo så langt samanlika med fjoråret.

Leiaren er nøgd med besøkstalet når ein tar i betraktning at konkurransen har auka på grunn av opninga av den nye båthamna i Rosendal.

I samband med det seier Rune Myklebust at sjølv om denne har hatt formidabelt besøk er det grunn til å tru at dette vil gå seg til ved at fleire vekslar med å liggja i Rosendal og Uskedalen.

Rune er ikkje bekymra og gjer det klart at Uskedalen køyrer sitt eige opplegg prega av best mogeleg service.

Uskedalshamna har ikkje uventa svært godt besøk denne helga i samband med Festidalen. Det har vore i overkant av 40 gjestebåtar der sist natt.

Av Ola Matti Mathisen